



Torgeir Njåstad
Njåstadvegen 83
5282 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Varsel om registrering av eigedom med forureina grunn i matrikkelen og databasen Grunnforurensning

Statsforvaltaren i Vestland har registrert lokalitet "Fitje søppelfylling" i databasen Grunnforurensning. Dette brevet informerer dykk som grunneigar om kva dette inneber. Vi ønsker også å verte informert dersom noko i registreringa ikkje er rett og bør endrast på.

Statsforvaltaren i Vestland har registrert informasjon om gnr. 16 bnr. 8 i Osterøy kommune på lokalitet Fitje søppelfylling med nummer 4182 i databasen Grunnforurensning. De vert informert om dette som grunneigar på denne lokaliteten.

Fagsystemet Grunnforurensning inneheld informasjon om grunn der det er påvist forureining og der det er mogleg/sannsynleg/grunn til å tru at det er forureining. Systemet vert administrert av Miljødirektoratet og er tilgjengeleg på nettstaden: <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>.

Systemet skal bidra til å hindre spreiding av forureina masse. Registreringane vert også nytta i samband med rapportering av forureina grunn til regjeringa, Stortinget og internasjonale organ.

Registreringa vil ikkje medføre nye pliktar eller krav til heimelshavar ut over det som allereie gjeld etter forureiningsregelverket. Registreringa vil gjere det enklare å vurdere tiltak på førehand dersom det vert nødvendig å grave i areal som er forureina, eller det er mistanke om forureining, og vil vere ein hjelp for seljar og kjøpar ved eigedomsskifte.

Saman med dette brevet følger også ein utskrift av informasjonen som er registrert i fagsystemet Grunnforurensning. Det er innsynsrett i alle lokalitetar der informasjonen er kvalitetssikra av statleg eller kommunal styresmakt i. Ålmenta har likevel ikkje innsynsrett til namn eller adresse til heimelshavar.

Kvifor eigedomen vert registrert

Eigedomar med sannsynleg/påvist forureina grunn eller nedgrave avfall vart første gong registrert i den nasjonale databasen Grunnforurensning i 1990. Inntil 2017 var lokalitetane berre omtrentleg avgrensa som koordinatfesta punkt. Etter overgang til nytt kartsystem vart mange av punkt festa



endra, nokre gonger til nytt gbnr. I vår tid er registrering i databasen arealfesta så langt det let seg gjere, og opplysning om at det er/kan vere forureining på eigedomen vert overført til matrikkelen. Denne lokaliteten vart opphavleg registrert med opplysningane:

"Avfallsdeponi truleg i tida 1964 til 1989"

Vi har ikkje nærare opplysningar om kor på eigedomen deponiet var, heller ikkje opplysningar om mengd, type eller eventuell behandling. Vi har ikkje opplysningar om det er påvist forureining i grunnen frå det nedgravne avfallet.

Databasen vil klassifisere eigedomar/lokalitetar med påvist/mogleg forureina grunn med kategoriane "tilstandsklasse" og "påverknadsgrad". Tilstandsklasse vert fastsett etter eventuell påvising av forureining i grunnen, etter inndeling frå Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2553/2009. Så lenge eventuell forureining er ukjent vil lokaliteten verte klassifisert med påverknadsgrad "x – Mistanke om forureining".

Området er registrert med arealbruk «ukjent».

Varsel om registrering i matrikkelen

Vi varslar med dette at nokre opplysningar om denne lokaliteten vil verte synlege i matrikkelen og vil då kunne finnast igjen på www.seeiendom.no.

Matrikkelen er Norges offisielle register over fast eigedom, og er heimla i matrikkelova. Matrikkelen innehald opplysningar om den enkelte matrikkeleining (eigedom) som er nødvendig for planlegging, bygging, bruk og vern av fast eigedom.

Følgande data om lokaliteten vil verte henta frå Grunnforurensning og verte synlege i matrikkelen:

- Lokalitetsnummer
- Lokalitetsnamn
- Påverknadsgrad (alvorlegheitsgrad til forureininga)
- Styresmakt – (Miljødirektoratet, Statsforvaltaren, kommunen eller Sysselmannen på Svalbard)
- Vedtak knytt til lokaliteten

Plikt til å undersøke og opplyse om forureining ved sal eller tiltak i grunnen

Ved sal av fast eigedom som er forureina, har både seljar og kjøpar ein plikt til å opplyse om og undersøke forureiningssituasjonen på eigedomen. Det er vanleg praksis at ansvaret vert avklart mellom partane i samband med sal. Slike avtaler er likevel ikkje bindande dersom det vert aktuelt å gjere vedtak etter forureiningslova.

Ved feil eller manglande opplysningar

Har de spørsmål, eller finn feil eller manglande opplysningar om lokaliteten i Grunnforurensning, kan de ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland via e-post: sfvlpost@statsforvalteren.no eller brev. Vi ber dykk i så fall å vise til vår referanse og lokaliteten sitt namn og nummer.

Vi ber om at de orienterer oss om det er andre tilhøve på eigedomen som kan ha noko å seie for forureiningstilstanden, eller om det kan vere feil i våre vurderingar. Dersom de meiner at påvist/sannsynleg forureina areal er ulikt det vi har merkt av på vedlagte kart, ber vi om å få tilsendt framlegg til ny avgrensing. Vi ber også om melding om det kan vere andre (til dømes andre brukarar,



festar eller nabo) som de meiner bør varslast før opplysningane vert synlege i databasen og i matrikkelen.

Vi er særleg interessert i om de eller kommunen har opplysningar om:

1. Om omtalt driftstid kan vere rett, eller om det har vor liknande eller annan aktivitet (nedgraving av avfall, mogleg annan forureining av grunn her) i denne tida eller til annan tid
2. Hjelp til avgrensing av arealet. Om skissert plassering er rett, eller om de meiner det kan vere annan stad/annan avgrensing
3. Har de nokon meining om kor store mengder det kan ha vore tale om
4. Kva for avfall kan ha vore grave ned her (vanleg hushaldsavfall og/eller næringsavfall og/eller industriavfall og/eller olje, batteri, plantevernmiddel (eller andre typar som må omtalast som "miljøfarleg avfall")

Lokaliteten vil vere synleg for ålmenta fire veker etter utsending av dette brevet. Vi ber om eventuelle merknader/ny informasjon før dette, slik at vi kan oppdatere i databasen før dei vert publiserte.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1

5293

LONEVÅG

Mottakerliste:

Torgeir Njåstad

Njåstadvegen 83

5282

LONEVÅG

Turid Bjørndal Njåstad

Njåstadvegen 83

5282

Lonevåg